

Bygningsmasse ved Hjeltnes vgs og framtidig behov. – Notat

***Merknader pr. des. 2014**

Eigedomsseksjonen fekk i 2010 laga ein Kartleggingsrapport Hjeltnes vidaregåande skule(COWI).

Denne var grunnlaget for vidare arbeid med renovering / nybygg gartneri og planteskule. Det vart lagt fram skisseprosjekt Holmen i 2011 og nytt skisseprosjekt no i feb. 2014.

I Cowi - rapporten var det og teke med eit kap. om øvrig bygningsmasse på Hjeltnes. I samband med mulighetsstudiet vil eg med utgangspunkt i denne rapporten kort gje eit oversyn over bygningsmasse og behov for renovering og mulig ny bruk i høve til auka aktivitet ved skulen.

Gulebygning

Kjellarhøgda er renovert i 2000 og i bruk til bibliotek, klasserom og no treningsrom. 1. og 2. høgda, 624 m² grunnflate, står no tom. Huset forfell pga manglande bruk og vedlikehald.

Fullstendige planar frå 1999 på renovering av 1. og 2. høgda til administrasjon og lærarkontor som no er i Kvitebygning. Her vil og vera plass til eit ekstra klasserom på ca 50 m². Kostnadsoverslag frå 2010 på kr 7,5 mill.

***Framtidig bruk til fagskule Nordisk gastronomi**

Kvitebygning

No brukt til administrasjon og kontor, loftshøgda ikkje i bruk, ca 100m² grunnflata i 3 høgder. 1. høgd: 6 kontor, kopi- og lagerrom, 2 toalett, 2. høgda: 7 kontor, 3. høgda: 6 rom. Asbesthaldige veggplater i 1. høgd, manglande garderobe og lærarrom, noko trekkfult og nedslitt. Framtidig bruk kan vera hybelbygg for vaksne studentar. Oppgradering / ombygging ikkje kostnadsrekna.

***Framtidig bruk til kontor, noko oppgradering er naudsynt. Evt. ta i bruk 3. etasjen til kontor.**

Nyeinternat

30 hyblar, fullstendig renovert i samband med nytt ventilasjonsanlegg i 2012.

Kårstova

16 hyblar, bygd i 1989. Betalar leige kr 50 000 pr år til Ulvik herad. Manglar ventilasjonsanlegg og treng oppgradering i høve til fukt i kjellaretasjen.

***planlagt renovering av alle toalett/ bad i 2015.**

Planteskulen

Arbeidsrom, fyrrom og 2 plasthus skal sanerast når nytt anlegg er klart i Holmen. Polykarbonat veksthus, ca 600 m², ombygging eller nybygg til parkeringsanlegg for anleggsmaskiner og utstyr.

Kostnadsoverslag i 2010 til kr 1 mill.

Maskinverkstad

Asbestsanering veggplater i verkstad og garasje. Ny oppvarmingsløysing sett i samband med nybygg veksthus Holmen.

Løa

I bruk til kjølerom for frukt, arbeidsrom for frukt, 3 stallplassar.

Løa er ein stor og sentral bygning i tunet som må haldast vedlike og som gjev muligheter for ny bruk.

Arbeidsrom for frukthage er planlagt bygd om til utstyrssrom for arboristane. ***dette er gjort i 2014**

Arboristane har og kome med framlegg om å bygga ein klatrevegg og klatrestolpar i løa til øving for studentane, i kombinasjon med aktivitetstilbod for elevane på skulen og andre i bygda.

Løa vil og vera eit potensial for ombygging til undervisningsrom.

Bustadhusa Vesttun og Austtun

Eldre bustadhus med låg standard sett i lys av dagens bustandard. Er vedtekne seld, men salet er utsett for å kunna sjå bruken av husa evt. tomta i samanheng med resultata i mulighetsstudiet. Dersom det vert behov for fleire hybler / internat kan desse vera aktuelle å bygga om til hybelutleige evt. bruka tomta til nytt internat / hybelbygg.

Isdalshuset

Nytt skifertak i 2012. Treng etterisolering, totalrenovering av kjøkken og vaskerom. ***kjøkkenet er pusaa opp med nytt golv og kjøkkeninnreiing i 2014**

Jakobsstova, utleigebustad

Rehabilitering av skifertaket. *** det er løyvd midlar til rehabilitering av taket i 2015.**

Diverse uthus i området kring Isdalshuset: naust, garasje, uthus/ verkstad, løe, stall/løktørke

Treng diverse bygningsmessige oppgradering og utvendig måling

Området kring Isdalshuset , Jakobsstova og Snauholmen representerer Ulviks vakraste bustadtomt. Området her må sjåast som ein heilskap og gjerne definerast som kulturområdet.

I dag er det brukt til utleige til 2 av skulen sine tilsette. Skulen har ikkje hatt økonomi til å ta vare på husa slik dei burde. Men det største økonomiske løfte vart likevel gjennomført då kulturavdelinga på fylket gjekk inn og kosta renovering av skifertaket på Isdalshuset.

Eg vil utfordra Ulvik herad og prosjektgruppa til å tenkja kreativt kring ny bruk og aktivitet knytt til dette området. Sjå notat Prosjekt Holmen av 20.02.2014.

Hjeltnes 20.feb. 2014

Gunnbjørg Øyre

rektor